

---

**Fra:** komiteen Austebygd <17austebygd@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 11. april 2019 11.31  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Søknad om støtte til 17.mai arrangement Austebygd Krins

17.mai komiteen i Austebygd krins  
v/ Marit Ystebø

Sletta 11.04.19

Radøy Kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

**Søknad om støtte til husleige ved gjennomføring av 17.mai-arrangementet i Austebygd krins i Radøy kommune.**

I Austebygd krins er det foreldra til elevane i 4. og 5.klasse som har ansvar for gjennomføring av 17.mai-arrangementet. Arrangementet plar vera på samfunnshuset Skogen Sletta. Fau ved Austebygd skule, står økonomisk ansvarlig for gjennomføringa.

Dei siste åra har det vore vanskelig å få arrangementet til å gå i pluss. Det kostar oss kr 3500,- for leige av samfunnshuset til 17.mai feiringa. Fau sin stadig synkende økonomi gjer at me må sjå svært nøye på korleis me framover skal disponera pengane. Me har i mange år sponsa elevane i 7.klasse med lommepengar til leirskuleopphald, samt betalt avslutningsfesten deira.

Mange folk utanom bygda kjem på samfunnshuset Skogen Sletta og feirar 17.mai. Dette er såleis ikkje berre eit arrangement for elevar, foreldre og besteforeldre. Her er god plass til heile bygda inne og ute, samt parkering. Alternativet vårt med å flytta arrangementet til Austebygd skule for å sleppa husleiga, vil gjera arrangementet noko mindre og ekskluderande for folk frå andre stader i kommunen.

Det er med bakgrunn i dette me no søker støtte om å dekkja husleiga på samfunnshuset, slik at me framleis kan halde 17.mai-feiring med plass til heile byda, og likevel kan fortsetje med sponing av utlegga i 7.klasse.

Med vennleg helsing

17.mai komiteen i Austebygd krins v/ Marit Ystebø